

Pasienten ynskjer ikkje vidare kontrollar

Om pasienten gir beskjed om at han/ho ikkje ynskjer vidare kontrollar, heller ikkje per telefon, sett alternativ 5 (Ingen forsøk har blitt gjort for å følge pasienten) på «Type kontroll». Sjølv om det ikkje er planlagt at pasienten skal til vidare kontroll hjå dykk er det føremålstenleg at løpet er ope dersom de ved seinare høve har kontakt med pasienten.

Type oppfølging	
Oppfølging	5 Intet forsøk har vært gjort for å følge opp pasienten ▼ *
Operasjoner	

Tilrå pasienten å gå til årlege kontrollar hjå fastlege. Årskontrollar etter fedmekirurgi er viktige for rådgjeving, og for å handtere biverknader etter operasjon. De kan avtale med fastlege at vedkommande sender dykk orientering om pasienten sin status slik at de kan legge data inn i SOReg. Dette vil uansett vere nyttig tilbakemelding til dykk.